

DET NORSKE TEATRET





Norges Brannkasse

Grunnlagt 1767

Wergelandsveien 3 - Filial: Stortorvet 2 - Tlf. 33 70 70


Brann- og annen skadetrygd

Kombinert trygging - Nyverdetrygging

324

C15g 149672 THAU

En forfriskende pause



DRIKK

Coca-Cola

REG. VAREMERKE

ISKALD

Autorisert tapperi

Jarlsberg Mineralvann A/S



Restaurant

FRASCATI

*med det Franske Rotisserie
Le Rendez-Vous de Gourmets
Vis-à-vis
Nationaltheatret*

„JEPPE PÅ BERGET“

KOMEDIE
AV
LUDVIG HOLBERG

til nynorsk ARNE GARBORG

regi HANS STORMOEN

dekorasjonar SNORRE TINDBERG

kostyme RANDI SKAHJEM

regi-assistent ROLF SAND


Program-omslag: Olaf Thrap-Meyer



Walter Jacobsen A.s
MODELKONFEKSJON

Ø. Slottsgr. 27. Tlf. 33 13 68

Forretningen med det gode utvalg
I kåper, kjoler og drakter.



NILS HALD TIL MINNE

Brått står vi utan Nils Hald. Han har fått sine vel fortente i nekrologar i avis-spaltene, — eit stort publikum vil sakne han ei tid i radio og på scene.

Men i det instrument skodespelarensemllet på Det Norske Teatret er, har ein streng falle ut. Ein heil landsdel tonte i den strengen: Sørlandet med alt sitt blide, men samansette vesen, og med sitt boblante liv i skjergard og små kvite byar. I Nils Hald levde heile seglskutetida som ein levande realitet, og hans gode venner på Stjernøy var gamle skipperar som hadde fare over dei sju hav før dei ankra opp ved eit stille sørlands-sund. Mindre vide hadde Nils Hald fare i bokstaveleg forstand før han vende heim til det kjære «Ternereiret» for siste gong, men gjennom eit langt liv i teaterkunstens teneste har han levd seg inn i menneskeliv og menneskevilkår frå Hellas til Irland og Amerika. Først og sist var det likevel Sørlandet. Saman med Wilhelm Krag og Gabriel Scott har han gjeve Sørlandet munn og mæle, først og fremst på scenen, men også i radio, og gjennom sine eigne sorgglade viser, så fulle av humor og lyrisk varme.

I alt sitt vesen var Nils Hald poet, — hans sinn var eit prisme som braut alle roller han fekk, store og små, slik at dei stråla på scenen med ein poetisk plans av sjeldan styrke. Nils Hald var som kunstnar på bølgjelengd med Tsjekovs lågmælte, atomsfæriske realisme, og hans Fereponti i «Tre systrer» er ei av dei perler som botnfelte seg i våre sinn, og som vil bli liggjande der og lyse, alltid. Alt Nils Hald gjorde på scenen, sjølv dei minste ting, var for han tempeleneste, aldri teaterplikt. Som den sanne kunstnar han var, såg han kor vesentleg detaljen er i det kunstnarlege heile. Fekk han ein detalj å ta hand om, gjorde han det på ein slik måte at



Sturlason

Jeppe — Alv Hordnes: «— ja, dette e' løgnaste eg har vore
med på.»

GJESTEN VÅR

Merkeleg nok: Alv Hordnes har aldri vore på Det Norske Teatret før — på scenen. Og han har enno ikkje vant seg til tanken. Vi andre vil synast at det er her han høyrer heime. Men han har eit visst publikum ein annan stad som tykkjer noko heilt anna, som meiner at **dei** har eit slag eigedomsrett.

— Er det ikkje sant, teatersjef Hordnes, at når ein god stril blir beden om å tenkje på ein stor skodespelar, så tenkjer han alltid og berre på Alv Hordnes?

— Har du i dine levedagar hørt på maken til toske-skap! Det seier seg sjølv at eg er ein stor skodespelar, der-som eg er skodespelar i det heile (og anna levebrød har eg ikkje hatt sidan eg var syltynn) om du legg kjøtvekta til grunn for vurderinga: 125 kilo er og vil alltid vera mykje på éin scene på éin gong, ikkje å snakke om i ei himmelseng, samla i éin korpus. Og du slumper rettnok til å treffe ein og annan — på mine kantar av landet — som kan tenkje seg verre ting enn å sjå og høre desse kilo ta seg til ting på ein scene og mæle ord. Du hørerde vel forresten kva han sa, strilen, då eg trilla i land på bryggja hans etter nokre år: «No e' da' grådig kor tjukke han e' vorten, Hordnesen. No sprikke han pinadø snart.»

— Og no sprikk eg snart — av nervøsitet. Tenk å spela på eit så skikkeleg teater, med eit grav alvorleg forstå-seg-

Framhald side 15.



Regi: Hans Stormoen; kostyme: Randi Skahjem; dekor: Snorre Tindberg; koreografi: Guri Lut.

„VE DO HAALLE DEN KÆIE,” SA JEPPE.

Onsdag den tjuetredje september 1722 hende det noko merkeleg i dansk-norsk teaterliv. Teatret i Lille Grønnegade — «Den danske Skueplads» — vart opna i København. Den første framsyninga var «Den gjerrige» — *l'Avare* av Moliere, omsett av Ludvig Holberg. Den andre framsyninga var *Den politiske Kandestøber*, skriven av Holberg under pseudonymet Hans Michelsen. Det merkelege ved denne hendinga var at det danske talemålet vart nyttå på scenen. Vel var leiaren Montaigu franskfødd, men alle i den faste skodespelarstaben var danske. Og husdiktaren var nordmannen Ludvig Holberg.

Av økonomiske og andre årsaker måtte teatret i Lille Grønnegade stengje porten att i 1727. I desse fem åra hadde det vorte framført 26 nye komediar av Ludvig Holberg. På den tida var han professor i latin, men han var ingen nedstøva kateterpedant. På lange og mange utanlandsreiser i England, Tyskland, Frankrike og Italia hadde han òg — attåt historisk-humanistisk studium — sett av tid til å studere teater, og ikkje minst folkeliv. Satirikaren Holberg stod fram i 1720 med det komiske heltediktet *Peder Paars*. Her hadde latinprofessoren under pseudonymet Hans Michelsen laga ein parodi på det antikke epos (Homer, Vergil). Kvast hadde han sett og skilt dei heimlege tilhøve, og *Peder Paars* vart ei brei og munter refsing av danske samtids- og samfunnstilhøve, med nøgde av stikk til dei lærde og pedantiske kommentatorar i tida. Hans Michelsen var òg det namnet Holberg nyttå som komedieforfattar. Desse komediane skulle bli den raude tråden i repertoaret på Grønnegade-teatret. Den 27. september gjekk *Den politiske Kandestøber* over scenen, og i fem år fôra Holberg teatret med 26 komediar,

Framhald side 21.

LYTT TIL
Norske folkemusikk

innspilt på grammofonplater av våre beste spelemenn på forskjellige instrumenter, — samt folketoner i levende tradisjon framført av kjente bygdesangere.

Utgitt på




grammofon-
plater

I samarbeid med Norsk Riksringkasting
Til salgs hos musikkhandlerne

WILLEM II

SIGARER

Først
blant de
beste



Eneimportør: Gunnar Stenberg A/S



Jakob skomakar — Kåre Wicklund: Eg skulle hengjast, men eg fekk
pardon. Jeppe: Det var synd du ikkje vart hengd, Jakob.

LIVS- OG PENSJONSTRYGDING
ANDVAKE
MØLLERGT. 16 - OSLO

Ingen heim utan hage

Målet for Det Norske Hageselskap er hage ved alle heimar som har jord til det, og ingen heim utan grønsaker, bær, frukt og blomar på kvardagsbordet. Bli medlem i selskapet! Det kostar kr. 15,— for året i medlemspengar. Alle medlemer får tilsendt tidskriftet «Norsk Hagetidend» og småskriften «Minne liste for hagedyrkere».

DET NORSKE HAGESELSKAP

MOTZFELDTSKT. 1, OSLO — TELEFON 67 33 86

Skal De ha slipt gulvene? Henvend Dem til

B. Bogens Parkettsliperi

Chr. Michelsensgt. 21 — Telefon 37 60 26

Førsteklasses arbeide garanteres

NOVATOR

Brubakkveien v/ Grorud st., Nedre Grorud - Tlf. 38 94 95

Alt i brukte bildeler — Bestillinger mottas

Framhald frå side 9.

på-publikum, som veit alt om teater og aldri så mykje som har hørt gjete Hordnesen før! Eg må leige meg ein muskelsterk kar til å lempe meg inn på scenen, skal det gå. Og endå går det vel ikkje. I høgste laget kan eg strekkje meg så langt som til å seia at eg båd e gruar og eg gled meg, som ho sa, brura. Men mest gruar eg meg. Obetinget.

— Du har spela Jeppe nokre gonger før?

— Ja, men er du galen, ikkje her, menneske. Eit par hundre gonger på mitt eige teater, og dessutan i Radio-teatret — då òg med Stormoen som instruktør, takk og pris. Men hjelpe oss, dette er verre!

Seier Alv Hordnes, og kan likevel strekkje seg så langt som til å smile — over heile kroppen. Få kan famne verda som han — i ein lystig-vemodig Jeppe-smil. Det er ein smil som rekk frå Bergen til Oslo. Og dette mennesket vil dei hive ut. Or hans eige vesle intim-teater, det mest suksessrike i landet, med den snillaste teatersjef som enno er oppfunnen. Hordnes er visst den fyrste til å medgje at ein glasmeister, som eig huset, kan synast han er nøydd til å kike djupare i glaset enn i Komediea. Men likevel.

— Vi ynskjer berre, kjære gjest, for teatret ditt si skuld, for bergensarane si skuld og for di skuld, at teatret ditt må ri stormane av, at det må koma velberga igjennom.

— La meg då nytte dette siste høvet og få ynskje Det Norske Teatret det same. Det skal færre kilo enn mine til å øydeleggje spelet, skal eg seia deg. Det einaste eg kan lova publikum føreåt, om det blir noko publikum, er at nokon lettvektig Jeppe skal det hoen rugge meg ikkje bli, om det blir nokon i det heile, smiler Hordnes frå Bergen til Oslo.

— Men no sprikke eg pinadø. Av nervositet. — Jakob!!!

„JEPPE PÅ

Komedie

LUDVIG

til nynorsk ved ARNE G

IVAR ESK

Dei som er med:

JEPPE Alv Hordnes

NILLE Helga Holdhus

JAKOB SKOMAKAR Kåre Wicklund

BARONEN Sverre Wilberg

KAMMERTENAREN Finn Kvalem

ERIK LAKEI Rolf Sand

SEKRETÆREN Ola B. Johannessen

MAITRESSA TIL BARONEN Marit Bolling

MAGNUS Børst-Erik Thoresen

Pause etter

**Hovedrollen
blant brannsikre skap**

Pris fra kr. 539,00

„BERGET“

i 5 akter

IV

HOLBERG

GARBORG, revidert av

KELAND

DANSARAR: } Marit Hamdal
 } Gjertrud Reagan
 } Vibeke Thrap

Instruksjon HANS STORMOEN

Regiassistent ROLF SAND

Dekorasjonar SNORRE TINDBERG

Kostyme RANDI SKAHJEM

Musikk SIGVALD THOMSEN

Koreografi GURI LUDT

Inspisient ARPAD SZEMES

er 3. akt.

..... **JØLI**

JØRGEN S. LIEN

OSLO - BERGEN - TRONDHEIM - STAVANGER

LIVSTRYGDING — PENSJONSTRYGDING

GJENSIDIGE

Eldste livstrygdelaget i Noreg

Hovedkontor: Karl Johans gt. 16, Oslo. Telefon 42 18 30



Likar De å følgje med?

Få
syn for segn
les



Det største allmenne tidsskriftet i landet

OPPLAG I DAG: 13 000 — STADIG I FRAMGANG

10 hefte i året på til saman om lag 560 sider. Årspengar kr. 24,00, for studentar og skolelevar kr. 16,00 ved direkte tinging i forlaget. Tidsskriftet kan tingast for skoleåret eller kalenderåret. 10 års tinging kr. 200,00.

Kristian Augusts gate 14 — Oslo.

Postgiro 87 02 — bankgiro 75/659.

det norske samlaget

HENRIK BØHM'S

Paraply- og regntøyforretning

er flyttet til

Torggt. 23. Tlf. 42 16 87

(vis à vis Ferdinand Larsen A/S)

Gamle og nye kunder ønskes velkommen




Frå v.: Sverre Wilberg, Marit Bolling, Alv Hordnes, Finn Kvalem, Ola B. Johannessen
og Rolf Sand.

Skreddersydde klær

blir de billigste i lengden.
Gratis får De velværet ved å
ha klær som førsteklasses hånd-
verkere har laget nettopp for
Dem.

Ring meg, eller kom innom.

Håkon Førerås



SKREDDERI

TLF. 42 63 74 41 31 43

FR. NANSENS PL. 9

V E D R Å D H U S E T

Alt i finere metall

R. A. NIELSEN

Finmekanikk

Skogveien 17


Telefon 443214

*Vakrere ben i
ULTRALYD nylons*

— DANIELA —

For et hvert behov.

daniela



Stigende kvalitet



ULTRASON

The first ultrasonic
textile treatment process

ULTRASON

NÄRMESTE FORHANDLER OPPGIS AV IMPORTØR.

Vold-Johansen & Goplen

AKERSGT. 59 — OSLO — TLF. 33 20 08.

Framhald frå side 11.

til dess det vart stengt med den sorgmuntre «Den danske Comoedies Ligbegiengelse».

Stoffet til komediane henta Holberg både frå eigne åtgåingar og påfunn og frå litterære førebilete. Omgrepene åndsverklov eksisterte ikkje, og ymist som står som plagiat for oss, var som inspirasjon å rekne på Holbergs tid. Holberg femnde over eit vidt kunnskapsområde. Og han forstod å nytte det han visste. Han henta sine emne frå den antikke komedien — især Plautus — til almanakkhistoriene, hans samtidis form for novellemagasin, om ein vil. Men alle emne som han rørte ved, omplanta han med meisterhand i heimleg jord.

Difor undrar det oss ikkje at motivet til Jeppe på Berget var å finne i litteraturen lenge før Holberg tok det opp og brukte det i sin psykologisk skarpe komedie. Historia om den drukne bonden som blir ført inn i øyredøyvande forvirring av ei sorglaust leikande overklasse har såleis Shakespeare brukt som ein liten prolog til «Troll kan temjast», og historia har sikkert levt på folkemunne lenge før Shakespeares tid. Men sjå, hos Holberg har denne bonden vorte inspirasjonen til Jeppe, denne frodige, levande menneskeskildringa som har gledt vårt heimlege teaterpublikum i snart to hundre og femti år.

Vi har ikkje så mange opplysningar om den første tida ved teatret i Lille Grønnegade, det teatret som var grunnen til Det Kongelige Teater med sin rike Holbergtradisjon. Utanom den franske leiaren Montaigu kjenner vi skodespelarane Ulsøe, Wegner, Gram, Høberg, Schou og Hald — alle studentar. Om stil og spelemåte kan vi berre hente opplysningar i Holbergs eigne scenetilvisingar. Men dei er òg sparsame og avgrensar seg til dei fyrste komediane. Jamvel

Framhald side 25.



Vesker - lærvarer - piper - røkesaker - suvenirer
og presanger for hele familien.

„STAR”

Karl Johans gate 4 ved Jernbanetorget.

En trykksak

som De og Deres forbindelse vil like, får de fra meg.

RAGNAR BRYDE

Aksidens-, Bok- og Rotasjonstrykkeri

Kr. Augustsgt. 19. — Telefon 33 44 33.

Velkommen til

Fornebu Flyrestaurant

Fin utsikt over flyplassen - Lett adkomst med Snarøybussen

Vennligst ring telefon 53 65 60



Nille — Helga Holdhus: Hei Jeppe, din himmelhund!

Godt utsalg i dame- og herreskotøy

Valkyrien Skotøymagasin A/S

Valkyrjegt. 3 - Oslo

Telefon 46 34 64

Moderne damer

foretrekker raffinerte klær. Både ung og gammel vil
hos oss finne et godt utvalg i

Kjoler - strømper - undertøy etc.

Kle Dem riktig — det er viktig.

HELNOR Ruseløkkvn. 50 (Cort Adlers pl.) Oslo. Tlf. 41 14 06

Norsk Skilt-Gravering

Innehaver Bjørn Nilsen

OSLO — Pilestredet 43 — Telefon 60 62 15

Spesialverksted for alle slags graverte skilter

Fasadeskilter og lysarrangementer

Spesialforretning i TV - radio

Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør det lettere å finne apparater som passer.

GOD SERVICE! Rimelig avbetalning inntil 24 mndneder.

NORSK TELEVISJON OG RADIO A/S
ARBEIDERRADIO

Youngs gate 11, Oslo - Telefon 42 07 37 *



Framhald frå side 21.

i sine sjølvbiografiske epistlar kjem Holberg svært lite inn på verksemda si som teaterskribent, og det trass i at munnlege overleveringar tyder på at han var med i det daglege teaterarbeidet — då vel som konsulent og rådgjevar for instruktøren — noko vi òg kan tenkje oss til av det faktum at dei seinare komediane mest ikkje har skrivne scenetilvisingar.

Men éi utsegn har vi frå Holbergs eigen penn, og det nett om Jeppe. Han skriv om fyrste framføringa (1722):

«Student Gram illuderede i Sprog, Lader og Gebærder fuldkommen som en siællandsk Bonde.»

Vi har her ein tydeleg peikepinn om at bergensar-nordmannen Holberg på ingen måte kravde at skriftspråket hans skulle følgjast slavisk på scenen. Det er òg lite truleg at han var før til å instruere skodespelarar i danske dialektar. Her må han ha overlate til skodespelaren sjølv å forme ut teksten, og i dette høvet vart det då så godt gjort at forfattaren var stornøgd.

At Jeppes rolle blir framført på dialekt, har vorte tradisjon i dansk teater. Vi har nedskrivne døme på kor saftig ein replikk kan bli på dette viset. Den store skodespelaren Phister kasta såleis ut frå si opphøgde stilling i galgen: «Ve do haalle den Kæie, den Sauel aa spræng straus æfter Brennevinen.» Holberg skreiv: Hold din mund dit Skarn og spring straks efter Brendevinen.

I framsyninga i kveld fører Alv Hordnes Jeppe fram på ein hordalandsdialekt. Det einaste baroniet i landet vårt, Rosendal, ligg i Hordaland . . .

Hans Stormoen.

S. BRUUN

Nils Juelsgt. 27

Telefon 44 03 84

*Lamper — Skjermer — TV
Elektriske apparater m. m.*



*„Det du ikke er,
det kan du bli.“*

Er du under 30 år, så hør på
Jeppe og bli medlem av

UNGDOMSRINGEN

I VENNER AV DET NORSKE TEATRET

Der er du velkommen til ordskifte og hyggesamvære i samband med framsyningane på Det Norske Teatret. Dessutan kan du gå i teatret for halv pris.

Vend deg til billettkontoret.



MIDT PÅ KARL JOHAN

BØNDERNES BANK %

EIGERTORGET - OSLO

Reisevaluta ekspederes raskt og greitt

Sikkerhetsbokser utleies for oppbevaring av verdisaker

VEL MØTT SOM FAST GJEST I DET NORSKE TEATRET

Gå ofte og billig! — Bli fast abonnent!

1. Premiereabonnement

De er trygg på å få fast plass til premierane på Det Norske Teatret. Abonnementet gjeld 3 namngjevne premierar i sesongen 1963/64. De får utlevert eit plasskort. Med dette kortet går De til den faste plassen utan å gå om billettluka.

2. 2.-dagsabonnement

De får utlevert eit plasskort som gjev rett til spesiell plass til 2. gongs framsyning. Abonnementet gjeld 3 namngjevne framsyningar i sesongen 1963/64. De får 50 % rabatt. Kortet gjeld som inngangsbillett, og gjev rett til billettkjøp med same rabatt til 2. dagen på eventuelle andre framsyningar i sesongen 1963/64.

3. Individuelt abonnement

Det individuelle abonnementet gjeld 3 namngjevne framsyningar i sesongen 1963/64. Billettane til kvar framsyning hentar De i billettluka til den dagen De sjølv måtte ynske. Vanleg forsal og telefonringing. Abonnementet gjev ca. 30 % rabatt.

Vi sel abonnement i månadene mai, juni og august i billettluka, Det Norske Teatret.

Alle opplysningar får De i vårt Publikumskontor, Rosenkrantzg. 8, tlf. 33 14 52.

Studieringar, klubbar og lag kan vende seg til Publikumskontoret som gjev alle opplysningar om repertoar og grupperabattar.

Billettprisar

Ordinære prisar enkeltbill.	
Ork.	Kr. 15,—
Park. A	» 12,—
Park. B	» 7,—
Fr. balk. 1—2	» 12,—
» » 3—4	» 8,—
» » 5—6	» 5,—
Sidebalk. 1	» 5,—
» 2-3	» 4,—

Premiereabonnement

Ork.	Kr.
Park. A	45,—
Park. B	36,—
Fr. balk. 1—2	21,—
» » 3—4	36,—
» » 5—6	24,—
» 2-3	15,—

2. dags abonnement

Ork.	Kr.
Park. A	22,50
Park. B	18,—
Fr. balk. 1—2	10,50
» » 3—4	18,—
» 2-3	12,—

Individuelt abonnement


Ork.	Kr.
Park. A	31,50
Park. B	24,—
Fr. balk. 1—2	15,—
» » 3—4	24,—
» 2-3	15,—

Framhald frå side 7.

detaljen lyste utan å bryte heilskapen. Ingen har som Nils Hald skapt respekt også for dei små rollene.

Men det er ikkje berre som kunstnar på scenen Nils Hald vil bli sakna sårt og lenge på Det Norske Teatret. Det blir tomt etter han, i salongen under prøvene, i korridorane, garderobane, på teatersjefens kontor der han ofte kom inn for å slå av ein prat. Alltid var det teatret det galdt, han var full av entusiasme eller opprørt inn i sitt inste når teatret ein gong i blant vart utsett for bakhaldsangrep, dette teatret som han elskar så høgt og som han hadde vigd sitt liv til. Dag etter dag i år etter år sat Nils Hald nede i salongen og følgde prøver på stykke han sjølv ikkje var med i, — hans kvite meddrivne andlet bak i salsmørket var inspirerande for instruktøren: — hans sjeldne blanding av brennande interesse og klok røynsle. Han lyste av iver og glede når det tok til å leva oppe på scenen, og når unge krefter under prøveprosessen viste nye lovande sider. Han gledde seg stort over andres framgang, og over dei sigrar teatret fekk oppleva. På usynleg vis hadde Nils Hald ei god hand med i det dagslegelivet på teatret, — han hadde eit menneskeleg overskott av varme og omsorg som rakk til for alle, — i han brann elden frå pionertida med klar, usløkkeleg flamme.

Eit fint menneske har gått bort, eit av dei som det verkeleg blir tomt etter, ein kunstnar og ein livskunstnar med trygg evne til å skilja mellom ekte og falskt. Ein stor inspirator i sitt miljø, ein venn utan svik i medgang og i motgang. For meg har Nils Hald vore ein slik venn, og han høre vore det for mange andre, han hadde ein indre rikdom som strakk til for mange, store vennskap. Nils Hald er borte. Måtte hans ånd, hans varme, hans lojalitet, hans kunstnarlege integritet, hans glød leva vidare i det hus der han hadde sin heim.



A handwritten signature in black ink, appearing to read "Tomut Skjøseth". The signature is fluid and cursive, with a large, stylized initial letter "T".

NATIONALTHEATRET

«FAUST»
av Johann Wolfgang von
Goethe
Regi: Jørn Ording

«Å FINNE SEG SELV»
av Luigi Pirandello
Regi: Ellen Isefjær
Premiere ultimo september

AMFISCENEN

Tre enaktere av Franz Kafka
— Fernand Berset — Dario Fo
Regi: Jørn Ording

OSLO NYE TEATER

«PAPPA TAR GULL»
av Arne Skouen
I hovedrollene: Eva Henning
og Henki Kolstad
Instr. Jon Lennart Mjøen

DEN NORSKE OPERA

«BRUDEKJØPET»
Opera av Bedrich Smetana
Regi: Rudolf Meyer
Koreografi: Henry Murer
Musikalsk ledelse:
Arvid Fladmoe

BALLETPROGRAMMET

KONTRAPUNKT
JEUX DANSANTS
EDEN
SKYGGENES HUS

Koreografi og innstudering:
Brian Macdonald, Gelu de
Barbo, Birgit Cullberg, Alan
Carter
Musikalsk ledelse:
Arvid Fladmoe

JOHANSEN & NIELSEN

BOKTRYKKERI

Pilestredet 45.b, Oslo
Sentralbord 60 1795

Alle tiders utvalg av vakre gaver til alle anledninger

Savolainen & Co

STORGATEN 4 - OSLO

SPELPLANEN

«KRISTIN LAVRANSATTER. KORSET»

Regi: Tormod Skagestad

Dekor og kostyme: Arne Walentin

Premiere sist i september

(«Kransen» og «Husfrue» blir spela nokre gonger utover)

William Shakespeare:

«ROMEO OG JULIE»

Regi: Peter Palitzsch

Arnold Wesker:

«ROOTS»

Regi: Finn Kvalem

PÅ TURNÉ

Oskar Braaten:

«UNGEN»

Regi: Jack Fjeldstad

INSTRUKTØR: HANS STORMOEN

Hans Stormen har ettertrykkeleg slått fast, på Det Norske Teatret òg, at han kan **spela**. Vi minner berre om domaren Azdak i «Den kaukasiske kritringen» og om Dovregubben og Begriffenfeldt i «Peer Gynt».

Dette er fyrste **regi-oppgåva** hans på Det Norske. Tidlegare har han synt på Rogaland Teater, Trøndelag Teater og Riksteatret at han kan instruere òg. Dei same stadene har han lagt for dagen at han dessutan er **teatermålar**.

For NRK, Radioteatret, har han sett opp ikkje mindre enn ti Holberg-komediar. I denne serien har då òg Alv Hordnes spela sin radio-Jeppe.

Alltjenest Rengjøringsbyrå

TELEFON 412031

UTFØRER ALT I VASK OG VINDUSPUSS

Rydding av loft og kjeller — Faste oppdrag mottas

Eugenie Støttums Blomsterforretning

Karl Johans gate 8 — Telefon 42 24 22

Medlem av Norsk Blomstertelegraf


Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranse

Norges Kjøtt- og Fleskesentral

C P P R E T T E T 1 9 3 1

Landsomfattende produsent-organisasjon for omsetning av slakt,
livdyr, ull, huder og skinn

17 tilsluttede slakteri-organisasjoner med 108 000 medlemmer



Hotell Bondeheimen

Rosenkrantzg 8

Kaffistovene

Rosenkrantzg 8 — Stortorget 8

Kr. Augustsgt 14 — Stortg 28

OSLO

